

Vi viser til brev datert 23.10.2015.

Kystverket er **kystens samferdselsetat**. Som ansvarlig for sikkerhet og framkommelighet i havner, leder og kystfarvann, er Kystverket en **sentral aktør i forvaltningen og utviklingen av kystsonen**. Kystverket arbeider målbevisst for å etablere gode navigasjonsforhold i våre kystfarvann, fremme en bærekraftig utvikling av kystsonen og bidra til en konkurransedyktig sjøtransport.

Søknaden blir av Kystverket vurdert opp mot formålet i Havne- og farvannsloven. Vi kan ikke se at det omsøkte tiltak er til hinder for ferdselen i området og er ut ifra ferdselsmessige hensyn innstilt på at det gis dispensasjon.

Kystverket har vurdert søknaden opp mot formålet i havne- og farvannsloven og har på nåværende tidspunkt ikke vesentlige merknader til tiltaket.



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnummer	2015/1567
Løpnummer	UTV
9 DES 2015	
Arkivert	BYGG
Klassering P	4/3
Klassering S	

Volda kommune

Oppføring av naust gnr4 bnr3 og gnr4 bnr23

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Det blir søkt om dispensasjon frå kommunedelplan for Lid-Berknes til å byggje naust på eigedom gnr. 4 bnr. 3. I tillegg blir det søkt om bygging av naust på tomt samt frådelling av tomta som skal tilførast eigedom gnr. 4 bnr. 23. Området er sett av til LNF sone B i kommunedelplanen. I denne sona kan det givast løyve til bygg for næringsverksemd og spreidd fritids- og bustadbygging.

Det har tidlegare stått naust på eit av dei omsøkte nausttomtene, men dette vart rive under orkanen i 1992. Det går traktorveg ned mot strandlinja på eigedomen.

Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen.

Fylkesmannen er ikkje kjent med området verdi for allmenn ferdsel, men registrerer at Kråkneset like nord for området blir nytta til friluftsliv. Dei fleste eigedommane langs denne strandlinja har allereie eit naust i strandlinja, og området vil ikkje bli vesentleg endra for allmenn interesse om omsøkte tiltak blir tillate. Vi ber likevel kommunen vere merksam på presedensfaren ved å tillate frådelling til nausttomter innanfor eigedommane.

Vi viser elles til våre utkast til naustråd som vart sendt til kommunane i brev av 27.04.2012, og ber om at kommunen stiller vilkår til storleik og utforming av nausta. Særlege viktige moment er:

- Det skal vere mogeleg for ålmenta å ferdast framfor nausta
- Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40 m². Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal
- Mønehøgda skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn eller terrengnivå under bygning
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal
- Altan/utkraging er ikkje tillate

Konklusjon

Fylkesmannen har ikkje vesentlege innvendingar mot lokaliseringa av dei to omsøkte nausta. Vi ber kommunen stille krav til storleik og utforming av nausta i tråd med våre naustråd. Fylkesmannen vil vurdere å påklage eit vedtak som vesentleg strir mot desse føringane.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.